



Stølsheimen
verneområdestyre

Møteinnkalling

Utval:	Stølsheimen verneområdestyre
Møtestad:	Teams
Dato:	20.07.2026
Tidspunkt:	10:30

Eventuelt forfall må meldast snarast til verneområdeforvaltar. Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Digitalt styremøte

Andre orienteringar

- Kaien Finden
- Lemmene foran vinduer gjestehus Finnabotnen

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 15/26	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 16/26	Val av styremedlem til å skrive under protokollen		
ST 17/26	Orienteringar og referatsaker		
RS 9/26	Endring av representantar til Stølsheimen verneområdestyre		2024/2160
RS 10/26	Løyve - delegert vedtak - Stølsheimen landskapsvernområde - motorferdsel - helikopter - Ortnevik grendelag - material til bygningsarbeid på fjellhytte		2025/4242
ST 18/26	Klagehandsaming - retting - Stølsheimen landskapsvernområde - Mørkves-Grøndalen - tiltak ved stølshus - 277/1		2024/13237

ST 15/26 Godkjenning av innkalling og dagsorden
ST 16/26 Val av styremedlem til å skrive under protokollen
ST 17/26 Orienteringar og referatsaker

Statsforvaltaren i Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Trondheim, 01.07.2026

Dykkar ref.:

Vår ref. (bes oppgitt ved svar):
2025/8469

Sakshandsamar:
Ingrid Moe Dahl

Endring av representantar til Stølsheimen verneområdestyre

Det blir vist til vårt oppnemningsbrev av 26.01.2024 og e-post frå Stølsheimen verneområdestyre med brev frå Modalen kommune 16.02.2026.

Modalen kommune orienterte i brevet sitt at dei har innvilga fritak frå verva i Stølsheimen verneområdestyre for Kjetil Eikefet og Liv Anne Aanesen, høvesvis som varamedlem og styremedlem. Asbjørn Ekse vart foreslått som ny styremedlem av kommunen frå 5. februar og fram til Kjetil Eikefet er tilbake frå sin fritaksperiode 30.06.2026. På grunn av ein feil har ikkje brevet med oppnemning av Asbjørn Ekse vorte sendt over tidlegare.

Frå Modalen kommune har representasjonen frå 5.02 til 30.06.2026 vore Asbjørn Ekse utan personleg vara.

Frå 30.06.2026 blir Kjetil Eikefet utnemnd som fast representant i verneområdestyret og Asbjørn Ekse blir utnemnd som personleg vara for Kjetil Eikefet. Dette gjeld for resten av nåverande valperiode.

Forvaltar orienterer styrerepresentantane om oppnemninga.

Hilsen
Miljødirektoratet

Dette dokumentet er elektronisk godkjent

Terje Qvam
seksjonsleiar

Ingrid Moe Dahl
seniorrådgivar

Kopi til:

MODALEN KOMMUNE
Aron Freyr Gudmunsson

Postboks 44

5732

MODALEN



**Stølsheimen
verneområdestyre**

Postadresse
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Besøksadresse
Onstadvegen 25
5745 Aurland

Kontakt
Sentralbord: +47
Direkte: +47 5764 3129
sfvlpost@statsforvalteren.no
<https://www.nasjonalparkstyre.no/stolsheimen>

ORTNEVIK GRENDELAG
Ortnevik 72
5962 BJORDAL

Saksbehandlar Anbjørg Nornes

Vår ref. 2025/4242-7 432.2

Dykkar ref.

Dato 15.06.2026

Delegert vedtak

Delegasjonssak	6/2026
----------------	--------

Løyve - delegert vedtak - Stølsheimen landskapsvernområde - motorferdsel - helikopter - Ortnevik grendelag - material til bygningsarbeid på fjellhytte

Delegert vedtak

*I medhald av delegeringsreglement vedteke av Stølsheimen verneområdestyre
04.04.2024, vert det gjort fylgjande vedtak:*

Stølsheimen verneområdestyre gjev Ortnevik Grendelag løyve til 2 landing på ein dag med helikopter i samband med transport av materiale til Fjellhytta i Ortnevik, og restmateriale og avfall i retur frå Fjellhytta. Løyvet gjeld for ein dag i perioden 27. juni til 15. juli. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde punkt VI nr. 6, og gjeld med fylgjande vilkår:

- Transportruta er mellom Ortnevik og Fjellhytta vest for Øksefjellvatnet, som vist på kart i søknaden i saka.
- Transporten skal avgrensast til det som er naudsynt og samordnast med Bergen og Hordaland sin utstyrstransport til DNT-hytta i Brydalen.
- Under transport skal det takast omsyn til natur og friluftsliv.
- Det skal meldast frå til Statens naturoppsyn v/Kristoffer Ullern Hansen på tlf. 97097720, seinast dagen før flyging. Han vil gje melding om det må takast spesielle omsyn til verneverdiane og villrein.
- Dersom det likevel skulle bli observert villrein i området under transport, må det takast omsyn til dette, og transporten må eventuelt avbrytast.
- Dette løyvet skal vere med i helikopteret under transport.
- Det skal sendast skriftleg rapport til sekretariatet innan 1.august 2026.

Vi gjer merksam på at dette løyvet berre er handsama etter verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde.

Dokumenter i saken

- Søknad om motorferdsle i verneområde, Ortnevik Grendelag v/Inge Brekke, 04.06.2026



- Dispensasjon – Stølsheimen landskapsvernområde – Fjellhytta i Ortnevik – nytt bygg, saksprotokoll 12/22, Stølsheimen verneområdestyre 04.04.2022
- Uttale frå villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell, datert 12.05.2025

Søknaden

Ortnevik Grendelag søker om løyve til landing med helikopter i samband med ferdigstilling av Fjellhytta i Ortnevik. Stølsheimen verneområdestyre har gitt Ortnevik Grendelag løyve til å rive og bygge opp att Fjellhytta på fjellet mellom Vikjeskora og Preikestolen (sak 12/22 – 04.04.2022). Det vert søkt om løyve til ei landing for transport av restmateriale og avfall frå fjellhytta og transport av supplerande materiale til fjellhytta. Flyginga er koordinert med Bergen og Hordaland Turlag sin flyging av forsyningar til hytter i Stølsheimen. Planlagt dag for flyging er laurdag 27.06.2025. Dei søker om ein landing for tur/retur Fjellhytta – Ortnevik. Transportruta er mellom Ortnevik og Fjellhytta sør for Vikeskårfjellet.

På telefon med søkjar (15.06.2026) vert det opplyst at det er to hiv som skal setjast av, og at det kan vera aktuelt med to landingar.

Motorferdsel i verneområde - søknad



Posisjoner:

Latitude: 61,111559 Longitude: 6,1309158

Latitude: 61,0545469857926 Longitude: 6,09071731567383

Figur 1 Kart med innteikna flygerute. Kopi frå søknad 2025.



Søknaden er vurdert i samsvar med

- Forskrift om vern av Stølsheimen landskapsvernområde av 21.12.1990
- Naturmangfaldlova av 19.juni 2009
- Forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde, rapport nr. 1 – 2017

Verneforskrift og verneformål

Føremålet i Stølsheimen landskapsvernområde er definert i verneforskrifta punkt III:
«Føremålet med Stølsheimen landskapsvernområde er å ta vare på eit vakkert vestlands fjell- og fjordlandskap med kulturminne, kulturlandskap og naturmiljø som er lite påverka av tekniske inngrep, samstundes som området skal kunne nyttast til landbruk, friluftsliv, jakt og fiske». Vidare seier reglane i forskrifta at motorferdsel på land og innsjøar er forbode, jf. pkt. IV nr. 4.

Verneområdestyret kan gje løyve til *«naudsynt transport av mat, brensel og utstyr til turisthyttene, transport av materiale og utstyr i samband med bygging, transport i samband med jakt, og elles når særlege grunnar ligg føre»* jf. pkt. VI nr. 6. I retningslinene for motorisert ferdsel i Forvaltningsplan for Stølsheimen, punkt 6.14.2, heiter der at transport til stølshus og hytter, som ikkje er brukt i landbruksnæring, er søknadspliktig.

Etter naturmangfaldlova (nml.) § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Vurdering

Landing med luftfartøy er i utgangspunktet ulovleg i verneområdet, og skal avgrensast til det som er naudsynt. Ortnevik Grendalag har fått løyve av Stølsheimen verneområdestyre til å rive og bygge opp att ny hytte på fjellet mellom Vikjeskåra og Preikestolen (sak 12/22, og sak 4/2025). Tiltaket med riving og bygging av ny fjellhytte er handsama av verneområdestyret, og søknaden om transport vert difor handsama som delegert vedtak. Kunnskapen om landskapsvernområdet er kjent gjennom forvaltningsplanen, rapportar om stølar i Stølsheimen (rapport nr.4 Fylkesmannen i Sogn og Fjordane), og tidlegare erfaring med motorisert ferdsel i området. Kunnskapsgrunnlaget er vurdert som godt for å vurdere denne saka (jf. nml. § 8).

Området er innanfor Fjellheimen villreinområde. Villreinnemnda har ikkje merknader til søknaden om motorferdsle i samband med riving av gamal hytte og oppsetting av ny hytte på same stad. Transporten vil skje på ei tid der reinsdyra ikkje er spesielt sårbare, etter 20 juni, og i eit område som i følgje villreinnemnda har vore lite brukt av villrein dei seinare åra. Føre-var-prinsippet jf. nml. § 9 vert tillagt liten vekt i denne saka.

Forvaltninga skal vurdere den samla belastninga på området og økosystemet jf. nml. § 10. Stølsheimen er eit mykje nytta friluftsområde både sommar og vinter. Det er viktig å ta omsyn til dei strenge reglane for motorferdsel slik at omfanget av uro for folk og dyr blir minst mogleg. Motorferdsel i samband med tiltaket er vurdert som naudsynt for å transportere materialane i samband med ferdigstilling av Fjellhytta. Landingane er avgrensa til to hiv. Belastninga på dyrelivet er avgrensa til denne eine transporten, og forvaltar har vurdert at



den samla belastninga på naturmiljøet er akseptabel. Nml. § 11 er ikkje vurdert i denne saka, då tiltaket lite truleg vil føre til miljøforandringar.

Transport med helikopter vert vurdert som den einaste aktuelle transportmetoden, og vert vurdert som ein miljøforsvarleg metode jf. nml. §12.

Konklusjon

Forvaltar meiner det føreligg særlege grunnar for å gje dispensasjon frå verneforskrifta til landing med helikopter i samband med transporten. Forvaltar vurderer motorferdsla til å vera i tråd med det som forvaltninga kan gje løyve til etter verneforskrifta punkt VI nr. 6.

Informasjon om klagerett

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova §§ 28-29. Klagen skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast via verneområdestyret v/sekretariatet, som kan gje nærare opplysningar om klagerett og rett til og sjå saksdokument.

Med helsing

Anbjørg Nornes
verneområdeforvaltar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- 1 Køyrebok helikopter Stølsheimen Ivo

Kopi til:

Høyanger kommune
Statsforvaltaren i Vestland

Postboks 159 6991 HØYANGER
Njøsavegen 6863 LEIKANGER
2

SNO Aurland
Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og
Raudafjell



Arkivsaksnr: 2024/13237-15

Sakshandsamar: Maria Alarcon Underdal

Dato: 09.07.2026

Utval	Utvalssak	Møtedato
Stølsheimen verneområdestyre	18/26	20.07.2026

Klagehandsaming - retting - Stølsheimen landskapsvernområde - Mørkves-Grøndalen - tiltak ved stølshus - 277/1

Innstilling frå forvaltar

Stølsheimen verneområdestyret opprettheld tidlegare vedtak. Klaga blir ikkje tatt til fylgje.

Stølsheimen verneområdestyre har vurdert saka i høve presedens og påverknad på verneføremålet, og ser ikkje at det er det er kome vesentleg nye moment i saka. Saka blir vidaresendt til Miljødirektoratet for endeleg avgjerd.

Saksopplysningar

Rapport frå SNO om ulovleg tiltak 16.08.2024

Stølsheimen verneområdestyre sende førehandsvarsel om retting av tiltak ved stølshuset til Kjetil Mørkve i Mørkves-Grøndalen 19.09.2024. Brevet vart sendt ut etter verneområdestyre fekk rapport frå SNO med bilde av tiltaket som var utført ved stølshuset i Mørkves-Grøndalen. Tiltaket er ein treplattung på vestsida av bygget. I kvar ende av plattingen er det bygd opp ein steinhaus for å jamne ut terrenget. Tiltaket vart ikkje omsøkt før gjennomføring. I førehandsvarselet vart det varsla om pålegg om retting som innebar fylgjande:

- Fjerning av treplattung
- Steinhaugen i sørenden av treplattung skal flyttast tilbake til området der steinen er plukka frå
- Området framfor stølshuset skal ryddast for materiale, og terrenget skal tilbakeførast til slik det var før tiltaket vart gjennomført.

Det vart sett frist til å koma med utale til varselet innan 01.10.2024, og frist for retting av tiltaket vart sett til 01.11.2024.

Etter søknad frå Mørkve om utsetting av fristen, gav styret ny frist til utale til 01.11.2024. Fristen for retting vart oppheva i påvente av uttalen.



Figur 1. Bilde av treplattingen ved stølshuset i Mørkves-Grøndalen. Foto SNO



Figur 2. Bilde av treplattingen ved stølshuset i Mørkves-Grøndalen. Foto SNO



Figur 3. På kartet er stølshuset i Mørkves-Grøndalen markert med blå sirkel. Kjelde fylkesatlas

Søknad om tiltak 31.11.2024

Søkjær svara ved å sende inn ein søknad for tiltaket i ettertid:

«Søknad om nedfelt plating ved sel i Mørkves-grøndalen for kjetil Mørkve.


Søker om platting i framkant av hytta, bredde 350cm, og lengde ut frå hytta 165cm. Det er kun topp av bord som viser, resten vert nedfelt i terrenget.

Rund hytta er det vert veldig ulendt terreng og det er ikkje noko plass å kunne sette opp stol og bord, dette er greit og kunne gjer sommarsdagen, og er minimert slik at det kun er plass til 4 stoler.

Det er problem med stort vass-sig under hytta, noko som har ført til at den frys opp på vinteren, og søylene har måttast blitt støypt på nytt pga av dette. Litt av formålet til plattingen er og hindra is framfor hytta, og forbedra drenering, difor er det brukt 2 parti med stein.

På våren er den veldig bløtt og gjørmete forran hytta i snøsmeltinga, og det blir trødd sundt, då ein går over dette partiet når ein skal til toalettet og må nytta støvlar.

Med denne plattingen vil ein kunne ha det reint og fint heile året, sleppe og nytta støvlar ved toalett besøk, bedre drenering under hytta, og ha mulighet sette opp ein stol, i tillegg er den på ingen måte til sjenanse for nokon»



Justert søknad 04.02.2025

Etter oppmoing frå styret om å vurdere andre løysingar som til dømes steinheller kom det inn ein justert søknad. Men søkjar ynskjer eigentleg original søknad med plattning behandla.

«Søknad om og legge stein / heller utforbi stølshus i Mørkvesgrønndalen Søker med dette om og legge stein /heller utforbi stølshus tilhøyrande Bruk 277/1 Arealet er 3,50 x 1.65 og er som vist på tidlegger innsendt teikning, sør vest for hytta Søker i tillegg om og la parti med stein ligge , då dette er for og drenere vekk vatn frå søylepunkt under hytte»

Tilleggsinformasjon som kom med justert søknad:

«Sender her vedlagt ny justert søknad. Men håpar og reknar med at det vert godkjent slik den første forelegg. Meg bekjent er det fleire hytter som har plating både privat og turistforeningen, kva vert gjort med desse skal ikke alle behandlast likt ? Hytta til DNT i Solrenningen har plating på 2 sider og i tillegg løfta opp fra bakken, skal denne drivast i sommar? Skal me som grunneigara fjerne bruer som er av treverk noko som ikke høyrer til i området fra gammalt av? Hytta vår vart flytta i 1996 pga av at det driv ei grop rundt hytta og ved stor snøsmelting og mykje vatn braut elva opp og det vart fylt med vatn , hadde ein meter med vatn inne i hytta 2 gonger . Etter at den vart flytta lenger opp i terrenget driv det fortsatt grop rundt og bekk fra oppsida av hytta har kommt inn og fylt med vatn til likt med golv i vedhus fleire gonger, litt av tanken med treverk er at det skal virka som ein Sluk ut fra gropa

og hindre at vatnet stig opp til nivå på hytta , dette kom ikke fram i forrige søknad. Om så skulle skje må eg jo berre informera forsikringselskapet om at her har vert prøvd og gjort tiltak som at blitt avvist. Minner og om at når området vart verna i 1990 blei det sagt at det ikke skulle få noko betydning for grunneigarane, i Voss kommune er det lov og bygga platining ved stølshus, det står heller ikke i verneforskriftene at det ikke er lov Håpar i tillegg at vedtak om fjerning av opptreksrampe foran naust vert endra, slik at de forsatt går å få opp ein tung trebåt å leine. Vatnet har pr i dag alt for mykkje fiska og når i tillegg vernestyret hindrar tiltak som burde vert ein selvfølge forsvinner både motivasjonen og lysta til og prøva og gjer noko med det. Er 2 små tiltak som etter mitt syn er eit led i og ta vare på bygningar og området. Men viss målet til styret er og driva vekk grunneigarar og legge til rette for masseturisme er det i ferd med og lukkast».

Dialog mars 2026

I dialog mellom søkjar og forvaltar kom det tydeleg fram at søkjar ynskjer original søknad om å få behalde plattingen behandla. Det vart lagt fram ynskje om å vise bilete av plattingen utanfor turisthytta ved Solrenningane til verneområdestyret.



Figur 4: Turisthytta ved Solrenningane

Vedtak i saka 7.4.2026

Styret behandla både original søknad og justert alternativ med steinheller.

Vedtaket i saka:

Stølsheimen verneområdestyre gjev avslag på søknad om platting utanfor stølshuset i Mørkves-Grøndalen. Vedtaket er gjort med heimel i verneforskrifta for Stølsheimen punkt IV nr. 1. og naturmangfaldlova (nml.) § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ



Vedtaket er samtidig å rekna som eit pålegg om retting av tiltaket, jf. naturmangfaldlova § 69. Tiltaket skal rettast innan 1. november 2027. Rettinga inneber å fjerne treplattingen utanfor stølshuset og fjerne materialet frå området.

Stølsheimen verneområdestyre gjev løyve til å leggje nokre større steinar frå området der plattingen ligg no, og la dei drenerande småsteinane som alt er lagt på kvar side av stølshuset få ligge. Løyve er gjeve med heimel i naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ.

Løyvet er gjeve med fylgjande vilkår:

- Dei to partia med lokal småstein for drenering kan få ligge slike dei er lagt, og skal bli grodd til naturleg med vegetasjon så det blir tilsvarande landskapet rundt
- Det kan plukkast større stein frå området for å leggje ved hytta som steinheller der plattingen er no
- Stein skal plukkast så det ikkje er skjemmande og skal ikkje takast frå gamle murar eller anna kulturminne
- Det skal ikkje gjerast anna tiltak i form av planering og drenering utan at dette er omsøkt på førehand
- Det skal sendast rapport med bilete av utført tiltak innan 1. november 2027

Vedtaket vart sendt til søkjar først 26.05.2026.

Klage på vedtaket 3.6.2026

Søkjar sendte inn klage på avslaget og pålegget om retting innan fristen med denne grunngjevinga:

«Klager med dette på vedtaket, pga det vert utøvd stor forskjellsbehandling innad i stølsheimen verneområde, og det er heilt bak mål og gje turistane løye til og bygga stor planting og grunneigarane ikkje får leggja ned nokre fjøler til og setta opp ein stol på ein gong, kanskje på tide og vakna opp litt før de tek livet av heile område».

Dokument som bakgrunn for saka:

- Klage - Stølsheimen landskapsvernområde - Mørkves-Grøndalen - tiltak ved stølshus - 277/1, 03.06.2026
- Vedtak - Stølsheimen landskapsvernområde - Mørkves-Grøndalen - tiltak ved stølshus - 277/1, 07.04.2026
- Tilleggsinformasjon søkjar, 25.03.2026
- Justert søknad frå Kjetil Mørkve, 4.2.2025
- Tilbakemelding frå Stølsheimen verneområdestyre, 19.12.24
- Søknad om tiltak frå Kjetil Mørkve, 31.10.2024
- Utsett frist for svar på førehandsvarsel, Stølsheimen verneområdestyre, 17.10.2024
- Søknad om utsett frist for uttale, Kjetil Mørkve, 30.09.2024
- Førehandsvarsel – Stølsheimen landskapsvernområde – Mørkves-Grøndalen – Tiltak ved stølshus – 277/1, Stølsheimen verneområdestyre, 19.09.2024
- Rapport frå SNO, 16.08.2024



Lovgrunnlaget

Verneforskrifta, naturmangfaldlova §48 og forvaltningsplanen for stølsheimen

«Føremålet med vern av Stølsheimen er å ta vare på eit særmerkt og vakkert vestlandsk fjell- og fjordlandskap med kulturminne, kulturlandskap og naturmiljø som er lite påverka av tekniske inngrep, samstundes som området skal kunne nyttast til landbruk, friluftsliv, jakt og fiske» jf. verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområdet pkt. III.

Jamfør verneforskrifta punkt IV nr.1. er det forbod mot alle inngrep som vesentleg endrar landskapet art eller karakter;

«...så som oppføring av bygningar, anlegg og faste innretingar, fjerning eller inngrep i faste kulturminner frå nyare tid, så som bygningar, vegar, gamle kve m.m., framføring av luftleidningar, bygging av vegar, drenering, og anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, bergverksdrift, vassdragsregulering, attlegging av avfall, gjødsling og bruk av kjemiske middel, utslepp av konsentrerte forureiningstilførsler mv. Opplistinga er ikkje uttømmande»

Verken platting eller drenering ved stølshus er nemnt i dei spesielle dispensasjonsreglane i forskrifta. Det nærmaste ein finn i samband med plattingar er at det jamfør verneforskrifta punkt VI nr.2. kan bli gitt løyve til:

«Oppføring av gjetarhytter, buer og naust, og andre bygg i samband med landbruksdrift, tilpassa tradisjonelt bygningsmiljø på staden»

Platting er ikkje tradisjonelt i stølsmiljøa og tiltaket kan derfor ikkje vurderast etter forskrifta. Både plattingen og dei drenerande massane må difor vurderast etter naturmangfaldlova § 48.

Naturmangfaldlova § 48 seier:

«Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig»

I denne saka må det difor vurderast om tiltaket er i strid med føremålet i vernevedtaket og om det kan påverka verneverdiane negativt. Begge delsetningane må vere oppfylt.

Rundskrivet om forvaltning av verneforskrifter frå Miljødirektoratet beskriv korleis § 48 er meint å nyttast:

«Dispensasjonsbestemmelsen er i utgangspunktet ment for uforutsette tilfeller eller spesielle/særlige tilfeller som ikke ble vurdert ved opprettelsen av verneområdet, i første rekke bagatellmessige inngrep eller forbigående forstyrrelser. § 48 første alternativ dekker tilfeller hvor verneformålet og verneverdiene tåler enkeltstående avvik fra vernebestemmelsene»

I forvaltningsplanen for Stølsheimen landskapsvernområde (rapport nr. 1-2017) står det fylgjande om tiltak i eit stølsområde:



«Ved at stølshusa vert meir nytta i fritidssamanheng enn tidlegare, er det ynskje om meir tilrettelegging på utsida av bygningane med terrassar, plattingar og inngjerding. Det er ikkje opna for slike tiltak i verneforskrifta, og sakene må vurderast etter nml. § 48. På stølane i Stølsheimen er det ikkje tradisjon for platting, terrasse eller inngjerding, og som hovudregel vil det ikkje verta gjeve løyve til slike tiltak»

Naturmangfaldlova (nml) kapittel IX. Håndheving og sanksjonar

Naturmangfaldlova kapittel IX regulerer handheving og sanksjonar ved tiltak som er i strid med verneforskrifta. Forvaltningsstyresmakta kan ved brot på verneforskrifta krevje at den ansvarlege rettar eller stansar tilhøve som er i strid med verneforskrifta, jamfør naturmangfaldlova § 69 første avsnitt.

Bygging utan løyve er brot på verneforskrifta jf. rettleiaren frå Miljødirektoratet for Oppfølging av ulovlege forhold i verneområdet – M-617/2016. *«For å sikre at bestemmelser gitt i eller i medhold av denne loven blir gjennomført, kan myndigheten etter loven fatte vedtak om tvangsmulkt»*, jf. nml. § 73 fyrste ledd. Nærøyfjorden verneområdestyre har fått delegert mynde frå Miljødirektoratet til å pålegge retting og stans av ulovlege tiltak, og kan fatte vedtak om tvangsmulkt dersom tiltaket ikkje vert retta innan fristen.

Naturmangfaldlova (nml.) §§ 8-12

Etter naturmangfaldlova (nml) § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentlig mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka

Vurdering

Stølen Mørkves-Grøndalen ligg 885 m.o.h. på nordsida av Grøndalsvatnet, og var sommarstøl for Mørkvegardane og gardar i Vik jamfør rapporten «spor etter stølsdrift i Stølsheimen». Denne rapporten registrerte fem bygningar, to tradisjonelle sel over fjøs, to nyare bygningar med meir hyttepreg som sannsynlegvis har erstatta tidlegare sel, og ein grunnmur. Alle bygningene er godt synlige og fire har tak av metall. Stølsbygningen som gjeld denne saka er av dei nyare bygningane, har torvtak og står litt utanfor hovudselbøen nordaust for vatnet.

Det er berre Mørkve som har sauer på beite i dette området. Det er av stor verdi at stølen vert brukt i landsbrukssamanheng med beitedyr for å ta vare på kulturlandskapet på stølen. For at bygningane skal bli tatt vare på, er det samtidig viktig at bygga kan nyttast også i fritidssamanheng. Det er forståeleg at eigaren ynskjer å gjera tiltak for å kunne betre utearealet. Men bygging av plattingar, gjerder og større trapper rundt hytter og stølshus i stølsområda er generelt ikkje ynskjeleg i Stølsheimen landskapsvernområde, då det bryt med tradisjonell byggeskikk.

I verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde er kulturminne og kulturlandskap ein del av verneføremålet. Verneforskrifta har ikkje reglar som opnar for bygging av treplattingar framfor stølshus. Det må vurderast om det er heimel i naturmangfaldslova § 48 til å vurdere denne saka. Etter § 48 i naturmangfaldlova må det vurderast om tiltaket strider mot formålet



med vernet eller kan påverke verneverdiane nemneverdig. Stølsheimen landskapsvernområde er verna for å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap med eit mangfaldig dyreliv. Området er verna mot alle inngrep eller tiltak som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapets art eller karakter og påverke verneverdiane negativt. Dette tiltaket er eit mindre tiltak som kan reknast som eit bagatellmessig tiltak i seg sjølv, jamfør rundskriv om forvaltning av verneforskrifter, kap. 7.2. Forvaltar vurderer at det er heimel for å vurdere søknaden etter naturmangfaldslova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ. Men ein må gjere ei grundig vurdering av nml. § 8-12 og om den samla belastninga i ein større samanheng kan vere til skade for verneverdiane og slik i konflikt med verneføremålet.

Kunnskapen om natur- og kulturlandskapet i Mørkves-Grøndalen er henta frå verneplanarbeidet, forvaltningsplanen for Stølsheimen, og rapporten «spor etter stølsdrift i Stølsheimen». Det er ikkje kjente førekomstar av trua naturtypar i området, men stølen er innanfor Fjellheimen villreinområde. Mørkves-Grøndalen er registrert som kalvingsområde og som barmarksbeite for villrein (Naturbase 30.3.2026). Tiltaka i søknaden vil lite truleg føra til endra bruk av området slik at det kan få negativ verknad på villreinen. Det er ikkje registrert andre sårbare artar i dette området som vil verta påverka av tiltaka. Stølshuset til Mørkve er ikkje registrert som freda bygg. Kunnskapsgrunnlaget jamfør nml. § 8 er vurdert som godt nok for å vurdere denne saka, og føre-var-prinsippet jamfør nml. § 9 er ikkje vektlagt i saka. Vestland fylkeskommune er ikkje blitt bedt om å kome med uttale i saka då bygget ikkje er eit kulturminne. Ut i frå kunnskapsgrunnlaget er det ikkje grunn til å tru at tiltaka vil kunne føre til skade på naturmangfaldet jamfør nml. § 11.

I Stølsheimen er stølsområda ein viktig del av kulturlandskapet, og bygningane er ein viktig del av kulturmiljøet på ein støl. I verneforskrifta punkt VI, nr. 2, står det at det kan gjevast løyve til oppføring av m.a. gjetarhytter og andre bygg i samband med landbruksdrift, men at det skal vere tilpassa tradisjonelt bygningsmiljø på staden. Det er ikkje vanleg med treplattung framfor stølshus i stølsområda. Ved andre bygg i Stølsheimen som har tilknytning til eit stølsmiljø har det vore meir vanleg å leggje nokre stein frå området utanfor stølshusa. Dette er eit enkelt og meir tradisjonelt tiltak, og ein løysing som passar betre inn i landskapet, jamfør. nml. § 12. Plattingar passar ikkje inn i det tradisjonelle bygningsmiljøet på stølar i Stølsheimen, og i forvaltningsplanen er det retningslinjer som tilseier at det ikkje bør setjast opp slike byggetiltak ved stølshusa. Søkjar har skissert fleire behov i søknaden; ein uteplass i sola, drenering ved hytta og betre framcomelegheit rundt hytta for å unngå at terrenget vert nedtrakka i våte parti. Desse behova kan dekkjast med å leggje nokre større steinar og ved å få behalde dei drenerande massane som er vist på bileta i denne saka. Steinar frå området som steinheller og nokre drenerande masser er vurdert å vere ein betre og meir tradisjonell metode for å sikre behova til søkjar. Dei drenerande massane vil hjelpe på eit stort og viktig problem for søkjar, samstundes som lokal stein vil etterkvart gli inn i landskapet att ettersom det vert delvis tilgrodd med vegetasjon rundt.

Denne eine plattingen ved dette stølshuset er i seg sjølv ikkje eit stort inngrep, og vil ikkje aleine påverka landskapet sin art og karakter vesentleg. Det vil difor heller ikkje aleine stride med verneføremålet. Utfordringa med å gje løyve til dette tiltaket, er at det vil gje stor presedens for andre stølshus i Stølsheimen landskapsvernområde. Opnar ein opp for denne type tiltak vil det gje presedens for likande tiltak utanfor stølshusa. Det er mange privateigde stølshus i verneområdet, og mange av stølshusa vert i dag nytta i fritidssamanheng. Det er stor sjanse for at det er mange som vil søkja om å få sette opp terrasse/platting ved



stølshuset om ein opnar for dette. Samla sett vil utvidingar med terrassar og plattingar ved stølshusa kunne endra landskapet sin art og karakter vesentleg, og med det vera i strid med verneføremålet. Derimot er det alt praksis for å leggje nokre steinar rundt stølshus for å få eit reinare uteareal ved stølshuset, og denne metoden er meir passande i eit stølsmiljø. Vidare vil nokre små haugar med lokal stein for å drenere ved sensitive punkt ved hytta vere eit tiltak som er litt spesiell for denne hytta som har ei særeigen historie med problem i forhold til vassføring rundt hytta. Desse to sistnemnde tiltaka vil derfor kunne kallast bagatellmessige og ikkje føre til ein presedens som vil påverke verneverdiane nemneverdig og vil da ikkje vere i strid med føremålet for vernet. Forvaltninga skal vurdere den samla belastninga eit tiltak vil få på økosystemet og naturverdiane jamfør. nml. § 10. I dette tilfellet er det den samla belastninga på kulturlandskapet og kulturminne som er relevant og som har vorte vurdert.

I denne saka er det også aktuelt å vurdere korleis tidlegare saker påverkar presedensvurderinga for denne søknaden. Det finst plattingar eller tilrettelegging utanfor turisthytter i Stølsheimen, som ved turisthyttene ved Solrenningane og Selhamar. At Stølsheimen skal kunne nyttast til friluftsliv er eit viktig føremål i verneforskrifta, og forskifta opnar opp i dei spesifikke dispensasjonsreglane for moglegheita til å gje løyve til oppføring, utviding og ombygging av turisthytter for allmenn bruk jamfør verneforskrifta punkt VI nr. 4. Desse tiltaka skal ikkje gje presedens til private stølshus da det er opning i forskrifta til å vurdere løyve i samband med turisthytter. I tillegg har dette vore begrensa i tidlegare saker ved at det er lagt vekt på at turisthyttene bør liggje for seg sjølv, og ikkje vere ein del av eit tradisjonelt stølsmiljø for å få løyve til liknande tiltak. Verneområdestyret har difor gitt avslag til bygging av platting rundt turisthytta i Åsedalen, med grunngjeving at det ville vere eit framandelement i stølslandskapet da hytta ligg i nærheita av dei andre stølshusa der. I vurderinga fekk dei oppmoding om at tilrettelegging av uteplass ved hytta med nokre steinar frå området ville vera betre tilpassa tradisjonell byggeskikk og landskapet på stølen. I samband med ein tidlegare rapport frå oppsynet, vart det observert ein platting/terrasse i Hallsetdalen ved eit privat stølshus. Dei vart da oppmoda om å fjerne den, og det vart gjort. Med bakgrunn i denne praksisen opnar det ikkje opp for å gi løyve til platting ved stølshuset slik det vert søkt om. Rampa ved naustet i Mørkves-Grøndalen som vart rapportert om på same tid som omsøkt platting, fekk vedtak om avslag i november 2024.

Konklusjon

Forvaltar kan ikkje sjå at det framkjem vesentlege nye moment i saka som endrar på vedtaket verneområdestyret gjorde i saka der det vart stilt krav om retting. Styret må vurdere om klaga frå søkar skal takast til fylgje, eller om styret står fast på vedtaket og sender klaga vidare til Miljødirektoratet for endeleg avgjerd.